



Møtebok Ullensvang fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 12. august 2025, kl. 18:00 – 19:30

Stad: Teams

Desse møtte: Jarle Rasmussen (leiar), Per Helge Sekse, Britha Sandal, Anette Torvund, Jonas Aakre

Forfall: Ingen

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Saksliste:

23/25: Fredningssonene i Ullensvang statsallmenning

24/25: Eventuelt

Jarle Rasmussen /s/

Per Helge Sekse /s/

Britha Sandal /s/

Anette Torvund /s/

Jonas Aakre /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



23/25 Fredningssonene i Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

- *Oversikt over høyringsvar til forslag til justeringar av fredningssonene*
- *Forslag til justering av fredningssone i Nord*
- *Forslag til justering av fredningssone i Sør*
- *Oversikt over GPS posisjonar i villreinjakta 2010 – 2024*
- *Villreinutvalet – kortanalyse 2020*
- *Fredningssone Olavsdaalen - Frisete*

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre hadde i møte 27.05.2025 og hadde oppe forslag til endring av fredningssonene på statsallmenningen i sak 15/25.

Følgande vart lagt fram i saksutgreiinga då:

«Det er i dag etablert to fredningssoner i Ullensvang statsallmenning i samband med villreinjakt på Hardangervidda – ei i nord rundt Hansbu og ei i sør ved Bjørnavassdraget. Sonene vart fyrst oppretta i 2013, og har hatt ulik utforming opp gjennom åra. Føremålet med desse sonene har vore å støtte opp under trekkmonsteret til villreinen, særleg for å legge til rette for vestleg trekk og redusere menneskeleg forstyring i sentrale område for reinen under jakta, som ved vassdraga Kvenna og Bjønna.

Leiar og eit styremedlem har bede om at det vert sett opp ei sak for vurdering av moglege justeringar i desse sonene. Bakgrunnen er ønskje om ei meir adaptiv forvaltning der sonene vert evaluert og tilpassa etter effekt og faktiske tilhøve i felt.

Leiar og styremedlem har utarbeida forslag til justeringar, sjå vedlagt saksdokument. Styremedlem og sakshandsamar har hatt dialog med villreinutvalet og andre som har sett korleis situasjonen var før og etter at desse sonene vart innført, samt korleis jakta har utvikla seg over tid, og korleis situasjonen er i dag.

Vidare visar ein til vedlagt saksdokument: «Villreinutvalet – kortanalyse 2020». På side 12 står det beskrive erfaringar knytt til effekten av fredningssonene basert på fellingsresultat og vandringa til GPS merka dyr under jakta i 2020. Sakshandsamar har også henta ut kartutsnitt som visar posisjonane til GPS merka dyr under jakta i åra 2010, 2012, 2015, 2018, 2020, 2022 og 2024, i saksdokument «GPS-posisjonar villreinjakta 2010 – 2024». Kartutsnitt er henta frå kortanalysane til Villreinutvalet frå dei gitte åra. Dette er ingen vitskapleg analyse, men meint for å gi eit enkelt bilete av bevegelsar til reinen under jakta i enkelte av åra før og etter sonene vart innført, og vidare etter kvart som sonene er blitt endra.

Eventuelle endringar som vert bestemt av fjellstyre bør leggest ut på høyring, før eit eventuelt vedtak.»



Følgande vart vedteke i saka:

«Fjellstyre legger ut forslaget til justering av fredningssonene i Nord og i Sør, slik dei vart presentert under møte, på høyring med 3 vekers høyringsfrist.»

Det vart også i saka diskutert rundt ordninga med tillate teltplassar på statsallmenninga under jakta, og den lokale forskrifta som regulerer dette. Sekretær og leiar arbeider vidare med dette, og det vil bli behandla i fjellstyre ved eit seinare høve.

Fjellstyre hadde forslaget til justering av fredningssonene ute på høyring med frist til 10. juli.

Det er komme inn til saman 21 høyringsinnspel. Ein oversikt over innspela vil bli ettersendt saman med saksdokumenta.

Ut frå den samla informasjonen kjem det fram at det er ulike syn på effekten av sonene, og kor vidt ei justering vil ha ynskt effekt på åtferd og trekk hjå reinen.

Fjellstyret må ta ei avgjerd basert på den innhenta dokumentasjonen og dei mottatte innspela. Det er viktig å vurdere om dei føreslåtte justeringane vil oppfylle føremålet om å sikra det vestlege trekket til reinen og redusere forstyrningar under jakta, samstundes som ein tek omsyn til dei ulike interessentane sine synspunkt i saka.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga

Leiar gjekk gjennom saksutgreiinga.

Diskusjon om justering av fredningssona i Sør

Leiar orienterte om forslaget til justering av fredningssona i Sør. Det vart også gjeve ein gjennomgang av erfaringane med den gjeldande sona og innspela som har kome inn i saka.

Eit styremedlem stilte spørsmål om både dei eksisterande fredningssonene og bakgrunnen for desse, samt forslaget til justeringane. Leiar utdjupa dette.

Det kom ingen andre innspel. Eit styremedlem føreslo å vedta forslaget.

Det vart ytra ønske frå eit styremedlem om at informasjon om vedtaket måtte sendast til alle som hadde sendt inn høyringsinnspel, og til alle jegerar på statsallmenningen. Vidare vart det oppmoda om at jegerar òg måtte oppmodast til å kome med tilbakemeldingar om erfaringar med sonene i jakta.

Diskusjon om justering av fredningssona i Nord

Leiar og eit styremedlem gjekk gjennom forslaget til justering av fredningssona i Nord, samt høyringsinnspela.



Eit anna styremedlem delte sine erfaringar med den eksisterande sona og bakgrunnen for opprettinga av denne.

Eit styremedlem kommenterte effekten av dei ulike delane av dagens sone. Det vart lagt vekt på at området rundt Valgarden har liten effekt, då denne delen av sona stort sett går i vatn og har ein form som smalnar ut i ein "spiss", med jaktbare område på nord- og sørsida. Bakgrunnen for denne utforminga er at den «heng igjen» frå tida då Eidfjord fjellstyre hadde freda større område sør for Nordmannslågen. Styremedlemmet meinte det ville vere meir naturleg å fjerne den delen av sona i nord.

Fredningssona til Olavsdalen – Frisete sameige vart gjennomgått.

Leiar meinte at delen av fredningssona ved Hansbu som grensar til Telemark er viktig å behalde for å sikre trekket til reinen vestover.

Eit styremedlem spurde kor mange av dei innsendte innspela som var positive til forslaget til endring av sona, samt om eit alternativ kunne vere å justere forslaget ved å ende grensa i nord ved nordenden av Valgardsvatnet.

Eit styremedlem gav ei forklaring rundt forslaget til endring av sona rundt Hansbu. Styremedlemmet poengterte at ettersom fjellstyret disponerer fleire hytter på Hansbu og har traktorløyve, og legg til rette for jakt i dette området, ville det vere uheldig å gjere jakta vanskeleg med dagens fredningssone. Det vart nemnt at jegerkonsentrasjonen på Hansbu ikkje er like stor i dag som tidlegare, og at det er viktig å sjå heilskapen i forvaltinga.

Eit styremedlem føreslo å prøve ut forslaget til endring, og at fjellstyret eventuelt bør ta saka til etterretning dersom justeringa ikkje fungerer som ynskja.

Eit styremedlem informerte om at eit klart fleirtal av høyringsinnspela var positive til forslaget om endring av fredningssona.

Eit styremedlem forklarte rundt tidlegare erfaringar med jakta ved Hansbu og bakgrunnen for opprettinga av fredningssona.

Sekretær føreslo ei avstemming i saka.

Fjellstyret stemte over forslaget til endring av fredningssona i Nord. Fire stemte for, éin stemte imot.

Vedtak (sak 23/25)

Ullensvang fjellstyre vedtek å endre fredningssonene i Nord og i Sør som foreslått under villreinjakta på Ullensvang statsallmenning, med verknad frå jaktstart 20. august 2025.

Kart over dei nye fredningssonene blir lagt ved i møteboka.

Informasjon med kart over dei nye fredningssonene blir tilsendt alle jegerane, oppsynet og forvaltinga i forkant av jakta.

Ullensvang fjellstyre takkar for alle innspela som er sendt inn i saka, og oppmodar om at jegerane kjem med tilbakemeldingar om erfaringar som blir gjort med dei justerte sonene under jakta.



24/25: Eventuelt

Saksdokument:


Ingen

Saksutgreiing:

Ingen.

Referat:

Ingen av styremedlemmane hadde saker til eventuelt.




Senterposisjon: 78706.54, 6690742.46

Koordinatsystem: EPSG:25833

Utskriftsdato: 29.05.2025

0 500 1000 1500 2000m





Senterposisjon: 73150.6, 6679216.93
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 31.05.2025

